



Kontrollutvalet

Bergen, 08. april 2013

Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Måndag 15.04.13 kl. 14.00

i kommunestyresalen

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, kari.nygard@hfk.no eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982, hogne.haktorson@hfk.no .
Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Jens Harald Abotnes (s)
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet
Ordførar i Samnanger kommune (har møte- og talerett)
Deloitte AS (har møte- og talerett)
Rådmannen i Samnanger kommune

Sakliste:

Saknr.	Sak	Merknad
08/13	Godkjenning av innkalling og sakliste	
09/13	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 07.02.13	Vedlegg
10/13	Meldingar / utvalet sitt kvarter	Vedlegg
11/13	Orienteringssaker	Vedlegg
12/13	Årsmelding 2012 frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2012 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.	Vedlegg
13/13	Rekneskap og årsmelding 2012 for Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.	Vedlegg
14/13	Gjennomgang av møteprotokollar	
	Ymse	



SAMNANGER KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 07.02.13 **Kl.:** 14.00 – 17.30 **Stad:** Kommunestyresalen
Saknr.: 01/13 – 07/13

MØTELEIAR

Jens Harald Abotnes (Krf)

Elin Dyrseth Liøen var sette-møteleiar i fbm. brev vedr. forhold i barnevern- og sosialtenesta i Samnanger kommune vart handsama (sak 03/13 – under meldingar - ymse).

DESSE MØTTE

Hans Solberg (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Lena Tveit (Bygdelista)

Svein Verner Røseth (Frp) – fekk permisjon og gjekk frå møtet etter sak 05/13.

Dessutan møtte

Brynjulv Hernes (Krf) og Anne Tandstad (Sp) då sak vedr. forhold i barnevern- og sosialtenesta i Samnanger kommune vart handsama (sak 03/13 – under meldingar - ymse).

FORFALL – ingen forfall

DESSUTAN MØTTE

Deloitte v/Tone Mari Dahle

Frå administrasjonen møtte rådmann Tone Ramli i sak 04/13 – orienteringssak nr. 1 om «Utbyggingsprosjekt / prosjektrekneskap» og orientering om «Vedtaksoppfølging i Acos Websak»
 Varaordførar Brigt Olav Gåsdal møtte i heile møtet.

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

Sakliste:

Saknr.	Sak
01/13	Godkjenning av innkalling og sakliste.
02/13	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.12.
03/13	Meldingar / utvalet sitt kvarter
04/13	Orienteringssaker
05/13	Selskapskontroll av Business Region Bergen – Invitasjon til deltaking.
06/13	Årsmelding for kontrollutvalet for 2013.
07/13	Gjennomgang av møteprotokollar.
	Ymse

01/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

02/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 29.11.12.

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 29.11.12.

VEDTAK

Protokollen frå møte 29.11.12 vart samrøystes godkjend.

03/13 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Desse meldingane vart lagt fram og handsama:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter: - Ingen saker å ta opp under utvalet sitt kvarter.
2	Sekretariatet	Møteplan for kontrollutvalet. Det er sett opp to møter våren 2013 i KUV: • 07.02.13 og 15.04.13. Vil kontrollutvalet leggja opp til fleire møter 1. halvår, og bør det setjast opp møtedatoar for hausthalvåret no ? <u>Konklusjon:</u> Møteplan vert som oppsett, om det kjem til aktuelle saker, vert det vurdert eit møte til i vår-halfåret. Møteplan for hausten vert fastsett seinare, etter at kommunestyret sine møtedatoar for hausten er sett opp.
3	Økonomisjef	Budsjett for kontrollutvalet for 2013, med oversyn førebels rekneskap 2012. - Vart gjennomgått, drøfta og teke til orientering.
4	Sekretariatet	Reglement for kontrollutvalet, og andre politiske utval er under arbeid. Brigte Olav Gåsdaal er leiar for utvalet som har fått mandat til å arbeida ut reglement, han orienterte om dette. <u>Konklusjon:</u> Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt utkast til reglement for kontrollutvalet, for eventuelt å koma med kommentarar før handsaming i kommunestyret.
5	Skatteoppkrevjar / Skatteetaten	Sekretariatet har motteke rapport etter stadleg kontroll frå Skatteetaten, og årsmelding for 2012 frå Skatteoppkrevjar. Sekretariatet gjer framlegg om at dette vert teke opp som sak på neste KUV-møte, saman med Kontrollrapport 2012 frå Skatteetaten, som vil koma medio februar. <u>Konklusjon:</u> Denne saka vert å ta opp på neste møte
6	Deloitte	Melding om kor langt ein er kome i arbeid med forvaltningsrevisjonsprosjekt vedr. «Internkontroll kommuneadministrasjonen». Tone Mari Dahle orienterte om arbeidet. Innhenting av dokumentasjon og grunnlagsmateriale har starta, og ein reknar med å følgja framdriftsplan. <u>Konklusjon:</u> Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

VEDTAK: Meldingane nr. 1 – 6 vart teke til orientering

Evt. andre meldingar	<p>Sekretariatet har motteke brev på mail 05.02.13., som er stila til kontrollutvalet og ordførar i Samnanger, og datert 31.01.13. Brevet har overskrift: «Varsling om kritikkverdige forhold i barnevernstenesta og sosialtenesta i Samnanger kommune».</p> <p>Sekretariatet opplyste at dokumentet inneheld opplysningar som medførte at møtet må lukkast etter § 31.3 i KommuneLOVA, jamf. ForvaltningsLOVA § 13. pkt.1. Møtet vart vedteke lukka på denne bakgrunn.</p> <p>Sekretariatet orienterte om kva ein skal ta omsyn til når spørsmål om habilitet skal drøftast. § 6 i ForvaltningsLOVA vart gjennomgått, sameleis kapittel i «Kontrollutvalsboka» som omhandlar handsaming av habilitets-saker. Spørsmål om habilitet vart så drøfta. Det vart reist spørsmål om utvalsmedlemmane Jens Harald Abotnes og Hans Solberg var inhabile etter «andre særegne forhold» i LOVA. Dei gjorde greie for sitt forhold til personar som er nemnd i saka. Varaordførar Brigte Olav Gåsdal meldte og at han ønskte å få vurdert sin habilitet ut frå sin aktivitet i saka.</p> <p>Dei tre aktuelle møtedeltakarane gjekk ut frå møtet. Elin Dyrseth Liøen vart vald til sette-møteleiar. Vararepresentantane Brynjulv Hernes og Anne Tandstad tok sete og det vart teke stilling til habilitets-spørsmålet. Konklusjon etter drøfting vart:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Varaordførar Brigte Olav Gåsdal vart kjend habil. - Kontrollutvalsleiar Jens Harald Abotnes vart kjend inhabil - Nestleiar Hans Solberg vart kjend inhabil. <p>Varaordførar kom tilbake i møtet. Brevet som er kome til kontrollutvalet vart delt ut og det vart gjeve tid til å lesa gjennom brevet. Varaordførar orienterte om at liknande brev i saka er kome til alle kommunestyrerepresentantane, og at barnevern vil vera tema for kommunestyret i møte 12.02.13. Denne orienteringa til kommunestyret vil vera for lukka dører.</p> <p>Sekretariatet la fram eit forslag til vedtak. Det vart gjort nokre små endringar i forslaget, og kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet har ikkje mynde til, og kan ikkje gå inn i enkeltsaker for å overprøva vedtak som er fatta av anna organ i kommune eller annan offentleg instans. 2. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan. I slike saker er det andre instansar det skal sendast klage til. Det framgår ikkje av brevet om moglege klageinstansar er prøvd. 3. Kontrollutvalet er kjend med at det skal vera ekstraordinært kommunestyremøte 12.02.13, der det vil bli gjeve orientering om barnevern. Kontrollutvalet vil avvente kommunestyret si handsaming. <p>Etter at vedetak var fatta vart brevet som var delt ut samla innatt.</p>
----------------------	--

VEDTAK

Vedr. Brev datert 31.01.13 til kontrollutvalet om forhold i barnevernstenesta og sosialtenesta i Samnanger kommune:

1. Kontrollutvalet har ikkje mynde til, og kan ikkje gå inn i enkeltsaker for å overprøva vedtak som er fatta av anna organ i kommune eller annan offentleg instans.
2. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan. I slike saker er det andre instansar det skal sendast klage til. Det framgår ikkje av brevet om moglege klageinstansar er prøvd.
3. Kontrollutvalet er kjend med at det skal vera ekstraordinært kommunestyremøte 12.02.13, der det vil bli gjeve orientering om barnevern. Kontrollutvalet vil avvente kommunestyret si handsaming.

04/13 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssakene vart lagt fram og handsama i møtet:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann	<p>Utbyggingsprosjekt i Samnanger kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> • Har kommunen rutinar for føring av prosjektrekneskap ? • Vert rutinane følgde ? • Korleis vert det rapportert til politisk nivå når det gjeld ulike prosjekt • Oppfølging av prosjekt, særleg i samband med «Miljøgata på Ytre Tysse» <p>Døme på prosjektrekneskap for Nordbygda barnehage og Økonomireglement for Samnanger kommune vart delt ut i møtet. Mal for prosjektrekneskap var sendt ut saman med innkallinga.</p> <p>Rådmann orienterte om arbeid med planlegging av prosjekt, innhenting av tilbod, entrepriser og berekning av kostnader, samt tillegg og endringar som kjem til undervegs i dei fleste prosjekt. Det vart vidare gjort greie for korleis kommunen no har teke i bruk å nytta prosjektrekneskap for å styra arbeidet på ein god måte, og rapportera særleg om den økonomiske stoda. Dette er nå prøvd ut på nokre prosjekt, og det vart uttalt at ein ser dette som eit nyttig verktøy. Særleg gjeld dette store prosjekt som til dømes «Miljøgata på Ytre Tysse». Dette prosjektet er ennå ikkje ferdigstilt.</p> <p>I Økonomireglementet til kommunen står det at «prosjektrekneskapen skal leggst fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan». Dette må avklarast for framtidige prosjektrekneskapar, og det vil vera naturleg at nemnda som skal utarbeida delegasjonsreglement kjem med forslag til korleis dette skal gjerast for prosjekt vidare framover.</p> <p>Sekretariatet fekk og i oppgåve å avklara med Deloitte, til neste møte, om revisjon og attestasjon av prosjektrekneskap ligg inne i avtalt fastpris.</p> <p>Rådmann orienterte og om «Vedtaksoppfølging i Acos Websak», korleis saker vert handsama og følgd opp i kommunen sitt sakshandsamarsystem.</p> <p>Kontrollutvalet sa seg nøgd med ei god og grundig orientering frå rådmann, og tok opplysningane til orientering.</p>
2	Sekretariatet	<p>Kurs i forvaltningsrevisjonsarbeid for kommunestyret og kontrollutvalet, og evt. administrasjonen – drøfting og planlegging.</p> <p>Kontrollutvalet har drøfta dette tidlegare. Det vart igjen peika på at det er viktig med informasjon om forvaltningsrevisjonsarbeid til kommunestyret, og at det kan vera med på å få til god dialog mellom KUV og KST. Planlegging av kurs i dette emnet (ca. 1 time) må følgjast opp.</p>
3	Sekretariatet	<p>Notat vedr. «Revisor sin plass i kommunestyremøter» var sendt ut saman med innkallinga.</p> <p>Notatet vart gjennomgått og kommentert. Kontrollutvalet vil at det vert sendt som melding til kommunestyret.</p>

		<p>Ymse:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sekretariatet la fram brev frå Fylkesmannen om «Vergemåls-reforma – status og gjennomføring 2012». Brevet vart gjennomgått og kort kommentert. Kontrollutvalet tok brevet til orientering. - Det vart og orientert om at sekretariatet er i ferd med å ta i bruk nytt sakshandsamarsystem, og at utforming av saksframlegg, innkallingar og møteprotokollar vil bli litt endra som følgjer av det.
--	--	--

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

VEDTAK:

- Det må avklarast om prosjektrekneskapar skal leggst fram for kontrollutvalet i tråd med økonomireglementet til kommunen
- Sekretariatet avklarar med revisor om revisjon og attestasjon av prosjektrekneskap ligg inne i avtalt fastpris.
- Planlegging av kurs i arbeid med forvaltningsrevisjon må følgjast opp.
- Notat om «Revisor sin plass i kommunestyremøter» vert å oversenda til kommunestyret som melding

Kontrollutvalet tek den øvrige informasjonen til orientering.

05/13 SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN – INVITASJON TIL DELTAKING

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Samnanger kommune seier nei til å delta i felles regional selskapskontroll av Business Region Bergen når det gjeld den delen som gjeld eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Samnanger kommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Business Region Bergen når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon.
3. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med forslag til prosjektplan som ligg føre.
4. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
5. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 09.01.13. I tillegg kjem kostnader til presentasjon av rapport for kontrollutvalet og opsjon på eventuell presentasjon for kommunestyret.
6. Tidspunkt for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

HANDSAMING I MØTET:

Kontrollutvalet drøfta om det var tenleg for Samnanger kommune å delta i dette prosjektet. Kostnad med deltaking vart gjennomgått og drøfta. Konklusjonen vart at kontrollutvalet ser det som positivt at det er teke initiativ til dette prosjektet og at Samnanger kommune vil delta i denne felles regionale selskapskontrollen. Det vart røysta over forslag til vedtak, og forslaget vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Samnanger kommune seier nei til å delta i felles regional selskapskontroll av Business Region Bergen når det gjeld den delen som gjeld eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Samnanger kommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Business Region Bergen når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon.
3. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med forslag til prosjektplan som ligg føre.
4. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
5. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 09.01.13. I tillegg kjem kostnader til presentasjon av rapport for kontrollutvalet og opsjon på eventuell presentasjon for kommunestyret.
6. Tidspunkt for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

06/13 ÅRSMELDING 2012 FOR KONTROLLUTVALET**FORSLAG TIL INNSTILLING:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2012.

HANDSAMING I MØTET

Framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2012 vart gjennomgått og drøfta. Det kom innspel om å gjera nokre endringar. Sekretariatet får i oppdrag å retta dette før årsmeldinga vert sendt til kommunestyret. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING:

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2012.

07/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR**FORSLAG TIL VEDTAK**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Møteprotokollar og innkallingar / saklister vert gjennomgått og kommentert. Det vart kommentert at det er mange dispensasjonssaker i Naturutvalet, og kva som kan vera grunnen til det. Viktige plansaker er no under utarbeiding og skal handsamast politisk. Når prinsipielle spørsmål vert handsama i ein planprosess kan dette føra til at det vert nedgang i antal dispensasjonssøknader. Kontrollutvalet vil halda seg orientert om aktuelle plansaker vidare framover.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

YMSE – det var ingen saker å ta opp under ymse.

Jens Harald Abotnes
Utvalsleiar

Kari Nygard
Sekretær



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 15. april 2013

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 10/13

10/13 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Kommunestyret	Offentleg møteprotokoll frå kommunestyremøte 06.03.13. Mange av sakene her er viktige å melda tilbake til kontrollutvalet, så heile møteprotokollen vert lagt som melding til dette kontrollutvalsmøtet.
3	Fylkesmannen	Samnanger kommune – budsjett og økonomiplan 2013 - 2016
4	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)	FKT – fagkonferanse 05. – 06.06.13 - invitasjon
5	Sekretariatet	Vidare arbeid med kurstilbod for kontrollutvala i 2013.
6	Kommunal- og regionaldep. (KRD)	Pressemelding om opne møter i kontrollutval og kommunale føretak
	Evt. andre meldingar	Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Møteprotokoll frå kommunestyremøte 06.03.13
- Budsjettbrev frå Fylkesmannen
- Invitasjon til FKT – fagkonferanse 05. – 06.06.13
- Pressemelding om opne møter i kontrollutval og kommunale føretak frå KRD



OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 06.03.2013
Møtetid: 14:00 - 20:45
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Øyvind Strømmen Bl	Janne Drevsjø Bl
Ragnfrid Aa. Olsnes Bl	Lena Tveit Bl
Roy Vegar Hope H	Miriam Hisdal Haga H
Bodil H. Øpstebø Krf – ugild i sak 5/13	Bjarne Hauge Krf vara i sak 5/13

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Tone Ramsli under heile møtet
Politisk sekretær Magda Haugen under heile møtet
Konsulent Ragnhild Lønningdal under sak 4/13
Stabsjef Jan Erik Boge under delar av sak 5/13
Avdelingsingeniør John Inge Sandvik i sak 6/13 og 7/13

Merknader:
Sak 5/13 – dørene vart lukka etter at gildskapsdebatten var avslutta. Lukkinga vart gjort med heimel i kommunelova § 31,3 (handsaming av personalsaker).
Brigt Olav Gåsdal Ap hadde spørsmål til dagsorden (mot slutten av handsaminga av sak 5/13). Spørsmålet gjaldt om kommunestyret ville utsetja handsaminga av nokre av sakene som stod att på saklista. Kommunestyret valde å utsetja handsaminga av sakene 9 og 10/13.

Orienteringar/meldingar:	Grunna sær lang handsaming av sak 5/13 vart det ikkje orientert om ulike skriv og meldingar som låg føre til møtet. Utvalet sitt kvarter vart heller ikkje halde.
Spørsmål/interpellasjonar:	Ingen
Dokument utlevert i møtet:	Ingen

Marit A. Aase

Bright Olav Gåsdal

Øyvind Røen

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13.03.2013

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/13	13/126	Faste saker	
004/13	13/77	Kommuneplan for Samnanger 2013 - 2023 – arealplan	
005/13	13/112	Gjennomgang av barnevernet i Samnanger - opplegg, ressursar og finansiering	Med heimel i kommuneleva § 31 vart møtet lukka under handsaminga av denne saka.
006/13	12/646	Byggjerekneskap Ytre-Tysse	
007/13	12/431	Ekspropriasjon for å realisere reguleringplan på Ytre Tysse - handsaming av klage frå Anna Hadeland.	
008/13	12/621	Småbåthamn Bjørkheim - Samnanger kommune sitt engasjement i etablering av gjestebrygge	
009/13	11/631	Årsmelding frå kontrollutvalet 2012	Utsett
010/13	13/122	Pensjonsforplikting i samband med avvikling av Midthordland Revisjonsselskap	Utsett

SAKNR. 003/13
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

06.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-003/13 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Val av tre representantar til å underteikna protokollen: Marit A. Aase Krf, Brigte Olav Gåsdal Ap og Øyvind Røen Sp.

SAKNR. 004/13

KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER 2013 - 2023 - AREALPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune startar arbeidet med ny arealplan for kommunen. Sentralt i arbeidet med planen er å sikra tilstrekkelege og gode areal til bustadbygging. Kommuneplanarbeidet vert organisert som eit prosjekt med naturutvalet som styringsgruppe og med ei administrativ prosjektgruppe som skissert i saksutgreiinga. Planleggjar Ragnhild Lønningdal vert prosjektleiar.

Det vert sett ned 4 arbeidsgrupper med deltaking frå kommunestyret.

..... vert leiar for arbeidsgruppa Bustad

.....vert leiar for arbeidsgruppa Næring

..... vert leiar for arbeidsgruppa Levekår

.....vert leiar for arbeidsgruppa Infrastruktur.

Medverknad skal vera ein sentral del av planprogrammet.

Det vert løyvd kr 100.000 til dekking av utgifter til planarbeidet. Midlane vert tekne frå disposisjonsfondet.

06.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnha Sp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Det vert innkalla til Folkemøte om kommuneplan i Samnanger. Innspela vert bearbeida av Naturutvalet som foretek ei vurdering og prioritering som etterpå vart oversendt kommunestyret.

Grunngjeving: me trur andre forslag vil ta for lang tid, og me ønsker at innbyggerene skal få vera med å påverka med si meining.”

Marit A. Aase Krf. sette fram følgjande framlegg til vedtak som alternativ til avsnitt to i sak 004/13, og at modellen på siste side i saka vert omarbeidd i samsvar med framlegget:

” Det politiske gruppearbeidet med deltaking frå kommunestyrerepresentantane vert lagt til dei tre faste hovudutvala og fordelt slik:

Arbeidsgruppe Bustad – Formannskapet. Arbeidsgruppe Levekår – OO utvalet.

Arbeidsgruppe Næring og Infrastruktur – Naturutvalet.”

Røysting:

Ingen røysta for rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dei to andre framlegga vart sette opp mot einannan:

3 røysta for Monica Tjønna sitt framlegg

18 røysta for Marit A. Aase sitt framlegg og dette var vedtak i saka.

KS-004/13 VEDTAK:

Samnanger kommune startar arbeidet med ny arealplan for kommunen. Sentralt i arbeidet med planen er å sikra tilstrekkelege og gode areal til bustadbygging. Kommuneplanarbeidet vert organisert som eit prosjekt med naturutvalet som styringsgruppe og med ei administrativ prosjektgruppe som skissert i saksutgreiinga. Planleggjar Ragnhild Lønningdal vert prosjektleiar.

Det politiske gruppearbeidet med deltaking frå kommunestyrerepresentantane vert lagt til dei tre faste hovudutvala og fordelt slik:

Arbeidsgruppe Bustad – Formannskapet. Arbeidsgruppe Levekår – OO utvalet.

Arbeidsgruppe Næring og Infrastruktur – Naturutvalet.

Medverknad skal vera ein sentral del av planprogrammet.

Det vert løyvd kr 100.000 til dekking av utgifter til planarbeidet. Midlane vert tekne frå disposisjonsfondet.

SAKNR. 005/13

GJENNOMGANG AV BARNEVERNEN I SAMNANGER - OPPLEGG, RESSURSAR OG FINANSIERING

06.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Ordføraren gjorde greie for at eit dokument frå rådmannen er sendt ut til representantane etter at sakene vart lagt ut (j.post. 13/1160).

Bodil H. Øpstebø Krf bad om å få vurdert sin gildskap i saka. Ho gjekk i frå og **Bjarne Hauge Krf** tok hennar plass i kommunestyret.

Kommunestyret fann henne samrøystes ugild og ho forlet møtesalen då møtet litt seinare vart lukka. **Bjarne Hauge Krf** tok hennar plass i kommunestyret under handsaminga av sjølve saka.

Øyvind Røen Sp varsla at drøftingane i saka også kom til å omhandla ein av våre tilsette. På dette grunnlag avgjorde ordføraren at **dørene vart lukka under handsaminga av saka** med heimel i kommunelova § 31, 3.

Rådmann og stabsjef orienterte om relevante reglar i lovverket som vedkjem personalsaker.

Øyvind Røen Sp bad om å få protokollført følgjande merknad: "Ordførar ristar på hovudet medan representanten Øyvind Røen har ordet frå talarstolen og dette er uakseptabelt."

Det vart halde 2 gruppemøte i handsaminga av saka.

Marit A. Aase Krf. sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Kommunestyret bestiller ein forvaltningskontroll av barnevernet i Samnanger. Forvaltningskontrollen må spissast slik at problemstillingane som ligg i saka kjem tydeleg fram og vert grundig gjennomgådde og belyste frå alle hald. Kompetanse hjå konsulentfirmaet som vert vald og metodeval skal vera tema i eit oppstartmøte til kontrollutvalet før avtale med konsulentfirmaet vert avklara og avtala.

Rapporten må utarbeidast slik at han m.a. skal kunne brukast i samband med kommunen si vurdering av korleis barnevernet i framtida skal organiserast. I samband med det er det aktuelt å sjå på om eining for helse og sosial skal fortsette slik ho er i dag.

Kommunestyret stiller midlar frå disposisjonsfondet til rådvelde. Summen vert tildelt når det ligg føre kostnadsoverslag."

I møtet kom det også fram eit munnleg framlegg frå **Monica Tjønnå Sp**:

"Kommunestyret bestiller ein internkontroll med ei styringsgruppe med 3 politikarar frå kommunestyret. Det må kjøpast inn ekstern kompetanse til å gjennomføra internkontrollen."

Brigt Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak: "OO vert styringsgruppe for internkontrollen."

Monica Tjønnå Sp sette fram følgjande munnlege framlegg til vedtak: "Følgjande 3 representantar skal sitja i styringsgruppa for internkontrollen: Sigmund Dyrhovden, Eva Hellevang og Øyvind Røen"

Det vart først røysta over framlegga som omhandla kva type kontroll som skal gjennomførast:

1 representant røysta for Marit A. Aase sitt framlegg og 20 røysta for det munnlege framlegget om internkontroll.

Det vart så røysta over dei to framlegga om kven som skal sitja i styringsgruppa for internkontrollen. Dei to framlegga vert sette opp mot einannan. 8 representantar røysta for Brigte Olav Gåsdal sitt framlegg og 13 røysta for Monica Tjønnå sitt framlegg til vedtak.

Øyvind Røen Sp sette fram følgjande framlegg til vedtak på vegne Sp, H, Bl og Frp:
(Framlegget er ikkje offentleg, Jfr. Forvaltningsloven §13 og Offentleglova § 13 og § 23,1.ledd).

[REDACTED]

Bright Olav Gåsdaal Ap bad om å få protokollført følgjande merknad:

”Under handsaminga av sak 5 kom det framlegg med innhald som truleg inneheld informasjon unnateke offentlegheit.

Dette framlegget vart sendt ut på I-pad til alle i kommunestyret og alle varamedlemmene til kommunestyret, altså langt fleire enn dei som skal ha tilgang til framlegget. Dette er sers uheldig og kan tolkast som brot på teieplikta.

Det må innskjerpast for dei folkevalde at når saker vert handsama for lukka dører, skal ein vera svært varsam med å senda framlegg digitalt. Grøne framleggsark må gjerast tilgjengelege.”

Oppsummering av handsaminga:

Av ulike grunnar føreligg det få skriftlege framlegg i saka. Med bakgrunn i debatten er det å forstå at det skal leigast inn ekstern kompetanse og at ein skal koma attende til finansiering av internkontrollen gjennom at kommunestyret stiller midlar frå disposisjonsfondet til rådvelde. Midlane skal tildelast når det ligg føre eit kostnadsoverslag.

KS-005/13 VEDTAK:

Del I:

Kommunestyret bestiller ein internkontroll med ei styringsgruppe med 3 politikarar frå kommunestyret.

Følgjande 3 representantar skal sitja i styringsgruppa for internkontrollen:

- Sigmund Dyrhovden, Eva Hellevang og Øyvind Røen

Del II:

Denne delen av vedtaket er ikkje offentleg. Jfr. Forvaltningsloven §13 og Offentleglova § 13 og § 23,1.ledd.

[Redacted content]

Rekneskapen viser omlag 4 millionar kroner i overskriding på prosjektet. Overskridinga er betalt ved bruk av kommunale låneopptak knytt til andre prosjekt, og det er dermed ikkje naudsynt å ta opp nye lån.

Kompleksiteten i prosjektet kombinert med lang gjennomføringstid viser tydeleg at det er viktig å ha sterk styring med liknande prosjekt i framtida, både med omsyn til byggjeleing og økonomistyring.

Saka vert oversendt kontrollutvalet før endeleg vedtak i kommunestyret.

06.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Bodil Helliesen Øpstebø Krf tok plass att før handsaming av sak 6/13. Ordføraren opna møtet att.

Vidar Tveiterås Ap bad om å få vurdert sin gildskap i saka. Han gjekk frå medan kommunestyret drøfta gildskapsspørsmålet. Han vart samrøystes funnen gild, og han tok deretter plass att i kommunestyret.

Ordførar Marit A. Aase gjorde merksam på at saka ikkje har vore til handsaming i kontrollutvalet, jf. tilråding / vedtak i formannskapet. Kontrollutvalet vil få saka til handsaming etter at kommunestyret har handsama den.

Avdelingsingeniør John Inge Sandvik svara på spørsmål frå kommunestyret om saka.

Det vart røysta over framlegget frå formannskapet med endringa som ordføraren gjorde merksam på. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-006/13 VEDTAK:

Kommunestyret tek byggerekneskap Ytre Tysse til etterretning.

Rekneskapen viser omlag 4 millionar kroner i overskriding på prosjektet. Overskridinga er betalt ved bruk av kommunale låneopptak knytt til andre prosjekt, og det er dermed ikkje naudsynt å ta opp nye lån.

Kompleksiteten i prosjektet kombinert med lang gjennomføringstid viser tydeleg at det er viktig å ha sterk styring med liknande prosjekt i framtida, både med omsyn til byggjeleing og økonomistyring.

Saka vert oversendt kontrollutvalet.

SAKNR. 007/13

EKSPROPRIASJON FOR Å REALISERE REGULERINGPLAN PÅ YTRE TYSSE - HANDSAMING AV KLAGE FRÅ ANNA HADELAND.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ser ikkje at det er lagt fram dokumentasjon som tilseier at kommunen skal trekkja attende vedtaket om ekspropriasjon. Vedtaket av 18.12.2012, kommunestyresak 91/12 står fast.

Ekspropriasjonen skal også omfatta delar av kaiområdet – ca 38 kvm areal frå gnr. 43, bnr.163, regulert til offentlig kai, som vist på kartbilag til ekspropriasjonsvarsel datert 8.juni 2012.

06.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå Sp sette fram følgjande utsettingsframlegg:

”Saka vert oversendt Naturutvalet som handsamar saka på førstkommande naturutvalsmøte. Naturutvalet føretekk grundig synfaring i området før handsaming.”

Rådmannen opplyste om at det er kommunestyret sjølv som har fullmakt til å ta avgjerd i saka, det kan ikkje naturutvalet gjera. Monica Tjønnå endra sitt framlegg til:

”Saka vert utsett til neste kommunestyremøte. Kommunestyret føretekk grundig synfaring i området før handsaming.”

Det vart røysta over utsettingsframlegget: 9 røysta for og 12 røysta mot.

Handsaminga av saka heldt fram.

Det vart røysta over framlegget frå formannskapet: 7 røysta mot og 14 røysta for.

KS-007/13 VEDTAK:

Samnanger kommune ser ikkje at det er lagt fram dokumentasjon som tilseier at kommunen skal trekkja attende vedtaket om ekspropriasjon. Vedtaket av 18.12.2012, kommunestyresak 91/12 står fast.

Ekspropriasjonen skal også omfatta delar av kaiområdet – ca 38 kvm areal frå gnr. 43, bnr.163, regulert til offentleg kai, som vist på kartbilag til ekspropriasjonsvarsel datert 8.juni 2012.

SAKNR. 008/13**SMÅBÅTHAMN BJØRKHEIM - SAMNANGER KOMMUNE SITT ENGASJEMENT I ETABLERING AV GJESTEBRYGGJE****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune vil yta eit tilskot på 25.000 kroner til gjestebryggje på Bjørkheim under føresetnad av at Klubben Båtlag aksepterer tilsendt leigeavtale. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Eit utvida engasjement frå kommunen si side inkl. forskottering, inneber at kommunen skal ha innverknad på kjøpet – storleik, kvalitet, nytt/brukt.

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Brigte Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande utsettingsframlegg: ”Saka vert utsett. Ordføraren ber inn til møte med båtföreininga og dei næringsdrivande på Bjørkheim for å prøva å koma fram til eit spleiselag med alle interessentane. Det må og avklarast om det er andre og rimelegare løysingar for gjestebryggje. Saka vert fremja direkte for kommunestyret 6. mars.”

Det vart røysta over utsettingsframlegget, som vart samrøystes vedteke.

FORM-003/13 VEDTAK:

Saka vert utsett. Ordføraren ber inn til møte med båtföreininga og dei næringsdrivande på Bjørkheim for å prøva å koma fram til eit spleiselag med alle interessentane. Det må og avklarast om det er andre og rimelegare løysingar for gjestebryggje. Saka vert fremja direkte for kommunestyret 6. mars.

06.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Marit A. Aase Krf sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune inngår avtale med Klubben Båtlag om gjestebrygge på Bjørkheim; jffr tilbud frå Alutec til båtlaget og leigeavtale mellom kommunen og båtlaget.

Kommunen forskotterer kr. 125.000,-(inkl MVA) med lån/tilskot frå næringsfondet.

Eventuelle tilskot frå Sparebanken Vest og næringsdrivande på Bjørkheim vert å føra attende til næringsfondet. Søknad til Sparebanken Vest og skriv til næringsdrivande på Bjørkheim vert sendt i god tid før 01.04.13.”

Røysting: Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-008/13 VEDTAK:

Samnanger kommune inngår avtale med Klubben Båtlag om gjestebrygge på Bjørkheim; jffr tilbud frå Alutec til båtlaget og leigeavtale mellom kommunen og båtlaget.

Kommunen forskotterer kr. 125.000,-(inkl MVA) med lån/tilskot frå næringsfondet.

Eventuelle tilskot frå Sparebanken Vest og næringsdrivande på Bjørkheim vert å føra attende til næringsfondet. Søknad til Sparebanken Vest og skriv til næringsdrivande på Bjørkheim vert sendt i god tid før 01.04.13.

SAKNR. 009/13

ÅRSMELDING FRÅ KONTROLLUTVALET 2012

Framlegg til vedtak frå kontrollutvalet

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2012.

06.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Kommunestyret gjekk samla inn for at saka vert utsett.

KS-009/13 VEDTAK:

Saka vert utsett.

SAKNR. 010/13

PENSJONSFORPLIKTING I SAMBAND MED AVVIKLING AV MIDTHORDLAND REVISJONSSELSKAP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tilrår at det vert søkt om at Sikringsordninga overtar pliktene i høve til pensjonistane i tidlegare Midthordaland Revisjonsselskap og at tidlegare medlemskommunar dekkjer den økonomiske plikta på 2.641 million kroner fordelt etter folketal pr 1.1.2012.

Samnanger kommune dekkjer sin del av forpliktinga på kr 202.567 over driftsbudsjettet for 2012.

06.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Kommunestyret gjekk samla inn for at saka vert utsett.

KS-010/13 VEDTAK:

Saka vert utsett.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Edvard Høgestøl, 55 57 20 45

Vår dato
14.03.2013
Dykkar dato
06.02.2013

Vår referanse
2013/2492 331.1
Dykkar referanse

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

MELDING *m. 3*
Kontrollutvalet
Møte *15.04.13*

Samnanger kommune - budsjett og økonomiplan 2013 - 2016

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2013 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 18. desember 2012.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til uendra skatteøyre for kommunane frå 2012, 11,6 prosent, også for 2013.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr 53,78 mill i skatt, eks naturressursskatt, på eige og inntekt for 2013.

I 2012 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 6,8 %. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2012 til 2013 med 5,1 %.

Kommunen sitt skattenivå i 2012 var 98,1 % av landsgjennomsnittet, noko som var ein auke frå dei to føregåande åra.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over/under landsgjennomsnittet får eit trekk/tillegg i 2013 tilsvarande 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Inntektsutjamninga inneheld også ein tilleggskompensasjon til kommunar med aller lågast skattenivå, tilsvarande 35 % av differansen mellom 90 % av landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Denne kompensasjonen er alle kommunar med å betale.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, etter fråtrekk for inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr 128,66 mill.

Inntektsprognosen for 2013 er no oppdatert med førebelse innbyggjartal pr. 01.01.2013 og innkomen skatt i 2012. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01.2013. For innbyggjartilskot og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2012.

Dei budsjetterte frie inntektene til kommunen ligg nær kr 5,- mill under den siste inntektsprognosen, men i prognosen er naturressurskatt med. Sjølv om naturressurskatt i budsjett-dokumenta ikkje er spesifisert, men ligg med konsesjonsavgift i linja «andre direkte og indirekte skattar», syner røynda at kommunen har budsjettert nær prognosen.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med kr 11,97 mill i eigedomsskatt for 2013. Det er kr 2,- mill meir i høve budsjettet for 2012. Takseringsgrunnlaget vart justert i 2012.

Kommunen har eigedomsskatt på verk og bruk med sats på sju promille.

Løns- og prisauke

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2013 er i statsbudsjettet 3,3 %. Denne består av pårekna lønsvekst med 4,0 % (vekt 0,635) og varekjøp med 2,1 % (vekt 0,365).

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 % av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med).

Kommunen si gjeld har tradisjonelt lege lågt, og godt under gjennomsnittet for fylket. Dei seinare åra har gjelda auka kraftig. Gjelda auka med kr 24,25 mill frå 2010 – 2011 (auken utgjer kr 9.668,- pr innbyggjar). For 2012 vart det budsjettert med auke i ordinære lån på kr. 46,53 mill og avdrag på kr 4,67 mill. Også for 2013 er det budsjettert med relativt høge lån.

Avdrag for 2013 er budsjettert til kr 5,46 mill.

Under føresetnad av at budsjetterte låneopptak for 2012 vart gjennomført, ser det ut som om budsjetterte avdrag for 2013 på ordinær gjeld (når formidlingslån og avdrag på slike ikkje er medrekna) er låge og under tilrådinga, men det er vanskeleg å seie nøyaktig utan endelege tal for 2012 og oversikt over formidlingslån.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekke renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inklusive inndecking av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatte. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Frå og med 2010 har det vore endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjon frå investeringar. Det er ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014. For budsjettåret 2013 skal minimum 80 % av meirverdiavgiftskompensasjonen frå investeringar bli overført til investeringsrekneskapen. Budsjettforskrifta § 5 og rekneskapsforskrifta § 3 er endra i samsvar med dette. Denne overføringa til investeringsrekneskapen må bli gjennomført sjølv om ein kommune eventuelt har meirforbruk i årsrekneskapen for det same året eller frå tidlegare år.

Det er budsjettert med kr 7,7 mill i overføring til investeringsrekneskapen. Denne summen skal dekke krava etter forskrift.

Det er generelt tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setje av midlar til å møte ei mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare.

Det er budsjettert med eit netto driftsoverskot for 2013 på kr 6,34 mill. Det er i tråd med tilrådinga. Ut frå økonomiplanen skal kommunen måtte ta grep for å halde nivået framover i økonomiplanperioden.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

Kommunen legg til grunn netto investeringar i anleggsmiddel tilsvarande kr 43,56 mill (ut frå detaljoversikta). Investeringane vert finansiert med kr 7,7 mill i overføring og kr 35,91 mill i lån.

Fylkesmannen konkluderer, etter å ha jamført tre tabellar og vedtak, med at kommunen tek opp kr 7,- mill i startlån. Fylkesmannen ber kommunen vise varsemd og vere kritisk til utlån.

Dei største postane er Samnanger barneskule (i år som tidlegare) med kr 13,1 mill. Samnangerheimen er også ein stor investering med kr 10,15. Denne investeringa vil nå sitt høgste i 2014 med kr 52,15 mill. Også i 2015 er investeringa meint å koste kr 9,1 mill. Senter for funksjonshemma er ei investering på kr 8,71 mill. Den blir kr 1,7 mill året etter.

Kommunen har ikkje planlagd investeringar for 2016 og investeringsnivået i 2015 er berre ei avslutning av oppstarta investeringsprosjekt.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2011 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til kr 62.520,- (kommunekassa - ikkje konsern). I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 47.990,- (kommunekonserntal).

Ser vi på beteningsevne, det vil seie kor stor gjelda er i høve til brutto driftsinntekter, ligg fylket utan Bergen på 93,73 %, mens kommunen ligg på 62,79 %.

Samstundes vil vi peika på at kommunen si gjeld steig kraftig i 2012, og vil fortsette å stige.

Oppsummering

Kommunen sine budsjettdokument var i år tidvis litt vanskeleg å få grep om. At tabell i sjølve protokollen frå kommunestyremøte ikkje er oppdatert etter vedtak er greitt – når det er påført som her, men det er vanskelegare når tabellar som har toppeteksten «vedtatt i...» skil seg frå

kvarandre. Tabellar utarbeidde frå kommunestyrevedtak skal alle vere oppdaterte, samkjørte mot vedtak og transparente og følgjast av ein verbaldel.

Det vart ført inn protokollmerknad i møte av 18. desember 2012 om manglande tilfredsheit med dokumentasjonen som vart gitt dei folkevalde i forkant av møtet. Dette må sjølvsagt kommunen ta til etterretning.

Kommunen vedtek økonomiplan om sumaren og reviderer same ved tidspunkt for budsjett. Økonomiplanens driftsdel ber bod om at det naudsynt med kraftige innsparingar for å få til ei berekraftig utvikling. Faktisk må kommunen i 2014 ned på utgiftsnivået for 2012 etter vedtatt økonomiplan. I reelle kroner er det ein nedgang i utgifter frå 2012 nivået, gitt lønns og prisstigning. Avdrag og renter kostar også stadig meir.

Eit slikt løp vil vera mogleg å gjennomføre. Kommunen er, etter eige utsegn, dyrare enn andre kommunar på dei fleste områder. Derfor er det eit klårt innsparingspotensiale. Med unntak av eventuell utviding av eigedomsskatten er det få utsikter til auka inntekter. Auke i dei frie inntektene følgjer som regel berre opp demografiske endringar, løns- og prisvekst og nye oppgåver. Da er det på utgiftssida kommunen må søkje endring.

Skal kommunen ha full nytte av økonomiplanen som styringsverktøy, må det også tas omsyn til framtidige investeringar. I dag er det lite aktivitet i åra 2015 og 2016 i økonomiplanen sin investeringsdel. Slik vil det etter røynda ikkje bli når tida kjem. Som regel har kommunen eit visst grep på framtidig investeringstrong. Da investeringane også vil virke inn i drifta må det tas høgd for desse i den rasjonaliseringsprosessen kommunen skisserer i økonomiplanen for drift.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Deloitte Postboks 6013, Postterminalen 5892 BERGEN



FAGKONFERANSE KONTROLL OG TILSYN

GARDERMOEN 5-6 JUNI 2013

ARSMØTE I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN 5. JUNI 2013

MELDING m. 4
Kontrollutvalet
Møte 15.04.13



09.00 – 10.00	REGISTRERING "Noe å bite i"
10.00 – 10.15	Åpning av konferansen. Per Rune Vereide Styreleder i FKT / Nestleder i Sogn og Fjordane fylkeskommunes kontrollutvalg.

POLITISK LEDELSE I KR D - TANKER OG FORVENTNINGER.

Møteleder: Per Rune Vereide, styreleder i FKT

10.15 – 10.45	Nytt fra KR D, forventninger og fremtidstanker. Anja Kristin Salte Hjelseth Politisk rådgiver i Kommunal- og regionaldept.
10.45 – 11.00	Spørsmål og kommentarer fra salen.
11.00 - 11.15	PAUSE

KORRUPSJON, MISLIGHETER OG ANTIKORRUPSJONSARBEID

Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT

11.15 - 11.35	Foreleser presenteres senere
11.35 - 11.55	Korrupsjon og misligheter – fokusområde i finansiell revisjon? Harald Brandsås Fagdirektør i Den norske Revisorforening (DnR).

11.55 - 12.15	Foreleser presenteres senere
12.15 – 13.00	PANELDISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.
13.00 – 14.00	LUNCH

BUDSJETTEST I KOMMUNENE – HVA KAN MAN FORVENTE AV STYRINGSDOKUMENTER?

Møteleder: Kirsten Emilie Aasen, styremedlem i FKT

14.00 – 15:00	Budsjettet for kommunene Bjørn Brox - Cand. polit. og bedriftsøkonom. Arbeider som konsulent i Agenda Kaupang - Skribent på siste side i Kommunal Rapport, med budsjett og årsmeldingstest
15.00 – 15.30	Spørsmål og kommentarer fra salen.

15.30 – 15.45	KAFFEPAUSE / Registrering av årsmøtedeltagere
---------------	---

ÅRSMØTE I FKT.

15.45 – 16.30	ÅRSMØTE I FKT – Se informasjon på baksiden
---------------	--

UTFLUKT

17.30	<p>SOSIALT ARRANGEMENT.</p> <p>Sosialt arr. Kreativ planlegging pågår.</p>
-------	---

TORSDAG 6. JUNI 2013.

BESTILLERKOMPETANSE OG MEDIAHÅNTERING

Møteleder: Siri Holm Lønseth, styremedlem i FKT

09.00 – 10.00	<p>Gode bestillinger av revisjon.</p> <p>Stein Ove Songstad</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hovedansvarlig for forvaltningsrevisjon i Deloitte AS - Medforfatter av Kontrollutvalgsboken og av Veileder i forvaltningsrevisjon
10.00 – 10.15	PAUSE
10.15 – 11.00	<p>Økt oppmerksomhet om kontrollutvalgssakene – hvordan håndtere media?</p> <p>Ole Petter Pedersen Redaktør i Kommunal Rapport</p>
11.00 – 11.30	PAUSE / utsjekking
11.30 – 12.30	LUNCH

HØRING I KONTROLLUTVALGET.**Møteleder: Per Rune Vereide, styreleiar i FKT**

12.30 – 13.00	<p>Ja – vi har gjennomført høring!</p> <p>Erfaringer fra Nord-Trøndelag fylkeskommune.</p> <p>Liv Tronstad Kontrollsjef i KomSek Trøndelag IKS.</p>
13.00 – 13.30	<p>Hva må vi være oppmerksom på ved høringer?</p> <p>Wencke Sissel Olsen</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nestleder i FKT - Sekretariatsleder i Rogaland kontrollutvalgssekretariat IKS
13.30 – 13.45	PAUSE
13.45 – 14.15	<p>PANELDISKUSJON</p> <p>Spørsmål og kommentarer fra salen.</p>

SKRÅBLIKK**Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT**

14.15 – 14.45	<p>Med skråblikk på kommunesektoren</p> <p>Siri Gedde-Dahl</p> <ul style="list-style-type: none"> - Journalist i Aftenposten. - Var bl.a. med på avsløring av korrupsjon ved Nedre Romerike vannverk.
14.45 – 14.50	<p>Avslutning av konferansen.</p> <p>Per Rune Vereide Leder i FKT</p>

MÅLGRUPPE FOR KONFERANSEN

Kontrollutvalgsmedlemmer og ansatte i kontrollutvalgssekretariatene. Alle som er opptatt og interessert i kontroll og tilsynsarbeid i offentlig sektor.

PRAKTISK INFORMASJON

- Konferansehotell: Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen (Tlf. 63949494)
- Adresse: Hans Gaarderveg 15, 2060 Gardermoen
- Grå buss fra flyplass til hotell ca. 3 ganger pr. time fra pkt. B25, overfor taxiholdeplassen.
- Gratis parkering. Kontakt resepsjon eller konferansebord for bevis.

INFORMASJON OM ÅRSMØTE

- Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
- Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 24. april 2013.
- FKT`s handlingsplan 2014 er en av sakene som spesielt ønskes innspill til innen 24. april -13.
- Styret sender ut sakspapirene innen 2 uker før årsmøtet, altså innen 22. mai 2013.
- Dersom din kommune / ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 22. mai -13.
- Leder i valgkomiteen: Einar Ulla , KUV-sekretariatet i Sogn- og Fjordane fylkeskommune. Kan kontaktes på mobil 97190734 eller e-post einar.ulla@sfj.no
- Ønske om mer info / bli medlem i FKT? Se hjemmesiden www.fkt.no eller kontakt sekretariatet.

Kontaktinfo til sekretariat:

Tlf: Hogne Haktorson tlf: 55 23 94 53 / 91 10 59 82 / Roald Breistein: 55 23 94 47 / 97 50 51 52

E-postadresse: fkt@fkt.no

DELTAGERAVGIFT

FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).

Deltagelse med overnatting: Kr. 5.400,- (Ikke medlem kr. 5.800,-)

Deltagelse uten overnatting, sosialt arr. & middag: Kr. 4.300,- (Ikke medlem kr. 4.700,-)

Ekstra overnatting 4 – 5. juni 2013 Kr. 1.300,-

PÅMELDING

Påmelding via FKT sin hjemmeside www.fkt.no

Bindende påmelding, **innen 18. april 2013.**

Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr. 500,- + FKT sine eventuelle kostnader til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltageravgift.



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

MELDING *nr. 6*
Kontrollutvalet
Møte *15.04.13*



Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak

Frå 1. juli 2013 skal det vere opne møte i kontrollutval og kommunale føretak. - Lovendringa vil gje innbyggjarar og media betre innsyn i kommunal verksemd, seier statsråd Liv Signe Navarsete.

Lovendringane er eit resultat av arbeidet i Kommunal- og regionaldepartementet for ein endå betre eigenkontroll i kommunane. Det er òg ei oppfølging av arbeidsgrupperapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*.

- Kontrollutvalet er kontrollorganet til kommunestyret. Dei handsamar viktige saker som handlar om kommunale tenester, økonomi og måloppnåing. Eg meiner det er viktig og rett at desse møta som hovudregel er opne, seier Navarsete.

Også styremøta i kommunale føretak skal som hovudregel vere opne.

- Kommunale føretak er ein del av kommunen. Dei bør i stor grad vere opne for innsyn, seier Navarsete.

Kommunelova er samstundes endra slik at kontrollutvala og revisorane får rett til innsyn i alle interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 og i alle aksjeselskap som direkte eller indirekte er eigde av kommunen.

- Styrkt eigenkontroll er viktig for å sikre tilliten innbyggjarane har til kommunen. Det sikrar også effektiv og rett ressursbruk i kommunen, seier Navarsete.

Statsråden peiker òg på samanhengen mellom eigenkontrollen og statleg tilsyn.

- Eg ser det slik at i kommunar med aktiv forvaltningsrevisjon og eigenkontroll bør statlege tilsynsetatar ta omsyn til det og redusere tilsynet sitt, seier Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 15. april 2013

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 11/13

11/13 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Deloitte / sekretariatet	Forvaltningsrevisjon av kommuneadministrasjonen i Samnanger kommune. Kontrollutvalet må drøfta stoda og vidare framdrift. <ul style="list-style-type: none"> • Legg ved «Problemstillingar og føremål med prosjektet»
2	Sekretariatet	Tilbakemelding om framdrift i prosjekt med selskapskontroll av Business Region Bergen.
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- 1 side frå prosjektplan «Forvaltningsrevisjon av kommuneadministrasjonen i Samnanger kommune», om føremål og problemstillingar.

1.2 Problemstillingar og føremål

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke organiseringa av dei administrative organiseringa i Samnanger kommune, med eit særskilt fokus på korleis krav til internkontroll blir følgt opp.

1. I kva grad legg organiseringa til rette for at rådmannsleiinga kan utøve tilstrekkeleg internkontroll?

- a. Korleis sikrar rådmannen ei heilskapleg tilnærming til styring og kontroll i kommunen?
- b. Er rollar og ansvar tydeleg definerte?
- c. I kva grad er det etablert ei rapportering som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med kommunen si verksemd?
- d. Korleis vert risikovurderingar nytta i internkontrollen i kommunen?
- e. Er det etablert eit tenleg system for avviksmelding?
- f. Korleis vert internkontrollen dokumentert?
- g. Er det utvikla eit samla internkontrollsystem i kommunen, og korleis fungerer ev. dette systemet?
- h. Kva opplæring får dei tilsette knytt til internkontroll?
- i. Er det etablert rutinar for oppfølging av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt?

2. Korleis fungerer organiseringa av administrative funksjonar (stab og støtte) i kommunen?

- a. I kva grad er det ei tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling mellom dei administrative funksjonane i kommunen?
- b. I kva grad får tenesteeiningane tilstrekkeleg støtte frå administrative funksjonar?
- c. I kva grad er det lagt til rette for tilstrekkeleg koordinering og effektiv utnytting av felles prosessar (t.d. personal, økonomi, innkjøp, IKT)
- d. I kva grad er fullmakter og delegasjonar tydeleg kommunisert og formalisert?
- e. I kva grad finst det tilstrekkeleg med prosessbeskrivingar knytt til dei administrative funksjonane?
- f. I kva grad finst det tilstrekkeleg med funksjonsbeskrivingar?
- g. Er det viktige oppgåver som ikkje har ein avklart ansvarsstad?
- h. Korleis blir administrative oppgåver som ikkje fell naturleg innanfor eit område løyst?
- i. I kva grad sikrar organiseringa tilstrekkeleg med kommunikasjon og informasjonsflyt?

3. I kva grad er ressursane føremålstenleg fordelt mellom dei administrative funksjonane?

- a. Opplever ein at ressursane fordelt i samsvar med oppgåve- og ansvarsfordelinga?
- b. Korleis er ressursbruken til Samnanger samanlikna med tilsvarande kommunar?

1.3 Eventuelle avgrensingar

Fokus i forvaltingsrevisjonen vil vere på rådmannen sitt internkontrollansvar og administrative stab- og støttefunksjonar. Det er i mindre grad fokus på driftsoppgåvene/tenesteutøvinga og dei sektorspesifikke krava til internkontroll.



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet **Dato:** 15. april 2013
Sakshandsamar: Kari Nygard
Kopi til: **Sak:** 12/13

12/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ SKATTEOPPKREVJAR OG KONTROLLRAPPORT 2012 VEDR. SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SAMNANGER KOMMUNE. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

Bakgrunn for saka:

Viser til utdrag frå brev av 21.02.2005, frå Skattedirektoratet:

”Kommunenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten.

- *Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.*

Kommunestyret / kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret / kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårslige redegjørelse til kommunestyret / kontrollutvalget.”

Skattedirektoratet har vidare i brev dagsett 02.05.07 svara dette på førespurnad når det gjeld kontrollutvalget sin innsynsrett og tilsynsrolle knytta til skatteoppkrevjarfunksjonen:

”Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen.”

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 01.06.07 kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

”Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist.”

Drøfting:

Med bakgrunn i desse utsegnene frå skattemyndigheitene vert rapportar vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune lagt fram til drøfting:

- Årsrapport for 2012 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune, datert 22.01.13.
- Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune, frå skatteetaten, datert 15.02.13.
- Rapport nr. 2 frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune - Arbeidsgjevarkontrollen

Rapporten frå stadleg kontroll, med særleg fokus på arbeidsgjevarkontrollen, er datert 19.12.12. Det vert her gjeve pålegg og tilrådingar med krav som må ivaretakast ved skatteoppkrevjarkontoret. Samnanger kommune tilsette ny skatteoppkrevjar i 2011, i 0,7 % stilling. Innanfor denne ressursen skal skatteoppkrevjar utføre alle pålagde oppgåver innanfor skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll, samt utføre andre oppgåver for kommunen. Frå rapporten heiter det:

«Skattedirektoratet har dei siste åra sett krav til at skatteoppkrevjaren årleg gjennomfører kontroll av 5 % av kommunen sine arbeidsgjevarar. Eit tilsvarende tal må og påreknast for Samnanger i framtida, noko som inneber 3 kontrollar kvart år. Tidlegare erfaringar har vist at ein til dette treng om lag 0,2 årsverk. Der kontrolloppgåvene skal takast hand om av ein person som og har andre oppgåver, og difor jobbar avgrensa med kontrollar, vil trongen for ressursar være større.»

Skatteetaten kjem med ei rekke pålegg i sin rapport etter tilsynet:

- Vedr. organisering: *«Regional kontrollering pålegg skatteoppkrevjar å sett i verk tiltak for å førebyggje stopp eller sterk redusert kontrollaktivitet. Dette kan gjerast gjennom samarbeid med andre skatteoppkrevjarar og / eller kontrollordningar. Det er ein føresetnad at det blir gjort avtale / samarbeid med ein ressurs som har kontrollkompetanse.»*
- Vedr. kompetanse: *«Regional kontrollering pålegg skatteoppkrevjaren å arbeide for ein meir framtidsretta organisering av kontrolloppgåva for å sikre nødvendig kompetanse og profesjonalitet i gjennomføringa.»*
- Vedr. resultat: *«Regional kontrollering pålegg skatteoppkrevjaren å iverksette tiltak slik at dei årlege målkrava vert oppfylte. Kommuneleiinga må involverast i dette arbeidet.»*

Skatteoppkrevjar har sendt svar tilbake til Skatteetaten der det vert svara på dei pålegg som vart gjeve. I svaret heiter det: *«I samråd med leiinga i kommunen er det bestemt at ein skal arbeida for å få løyvd midlar til å kjøpe kontrolltenester. Dette arbeidet vil bli gjort våren 2013 i samband med utarbeiding av økonomiplan for 2014 – 2017.»*

I sin årsrapport påpeikar og skatteoppkrevjar at det er manglande aktivitet / ressursar til dette arbeidet: *«Planen var å gjennomføre 3 kontrollar i løpet av 2012. Dette ble ikkje gjort, da en ikkje har prioritert dette på bekostning av andre løpende oppgaver ved økonomikontoret. Frå 01.10.12 har kontoret hatt en vakant stilling, noe som også har ført til at meir av skatteoppkrevers tid har gått med til daglig drift. Det ble meldt inn ønske om midler til kjøp av kontrolltjenester, men dette tiltaket ble ikkje prioritert på budsjettet – verken for 2012 eller 2013.»*

I «Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune», står det m.a.

- *«Skatteoppkrevjaren har ikkje gjennomført stadlege arbeidsgjevarkontrollar i åra 2011 og 2012. Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingslova § 5-13 og tilhøyrande retningsliner gjeve av Skattedirektoratet.»*
- *Kontrollarbeidet inneber handtering av eit omfattande og kompleks regelverk. Arbeidet førest såleis god kompetanse som vanskeleg kan tileignast og haldast ved like dersom kontrollarbeidet berre vert utført som ei deloppgåve. Naudsynt kompetanse vert best tileigna og halde ved like i eit kontrollmiljø. Samnanger kommune er per i dag den einaste kommunen i Hordaland som ikkje er tilslutta ei kontrollordning der kontrollarbeidet er spesialisert. Skatteoppkrevjar vart i 2012 pålagd å arbeide for ei meir framtidsretta organisering av*

kontrolloppgåva for å sikre naudsynt kompetanse og profesjonalitet i gjennomføringa. Skatteoppkrevjar opplyser i sin årsrapport at kommunen ikkje har prioritert midlar til kjøp av kontrolltenester i budsjettet for 2013. Skattekontoret kan vanskeleg sjå korleis kommunen skal klare å oppnå minstekrav til kontrollaktivitet på 5 % av arbeidsgjevarane i kommunen med tilstrekkeleg kvalitet, utan at det vert sett av midlar til dette kontrollarbeidet.»

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjar utfører oppgåver med intern kontroll, rekneskapsføring, rapportering, avlegging av skatterekneskap og skatte- og avgiftsinnkrevjinga på ein tilfredstillande måte. Det som ikkje er tilfredstillande er aktiviteten / ressursar til arbeid med arbeidsgjevarkontrollar.

Konklusjon:

Kontrollrapporten frå Skatt Vest konkluderer med at Samnanger kommune totalt sett for 2012, med unnatak av dei påpeikingane som er gjort ovanfor, har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredsstillande måte. Kontrollutvalet bør såleis, med bakgrunn i tilråding frå skatteoppkrevjar og Skatteetaten, drøfta om ein skal be kommunestyret vurdere å auka ressursane til kjøp av tenester for å få utført arbeidsgjevarkontrollar.

FORSLAG TIL VEDTAK:


1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredsstillande måte.
2. Kontrollutvalet er ikkje tilfreds med at Samnanger kommune ikkje har utført stadlege arbeidsgjevarkontrollar verken i 2011 eller i 2012, og heller ikkje har sett av ressursar til dette i 2013. Kontrollutvalet ber difor om at kommunestyret vurderer å auka rammene for kjøp av tenester for gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Årsrapport for 2012 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune, datert 22.01.13.
- Kontrollrapport 2012 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune, frå skatteetaten, datert 15.02.13.
- Rapport nr. 2 frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune – Arbeidsgjevarkontrollen, datert 19.12.12.



Årsrapport for 2012

Skatteoppkreveren i Samnanger kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser.....	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll.....	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret.....	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet.....	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Margin	4
2.2.1 Margin for inntektsåret 2011	4
2.2.2 Margin for inntektsåret 2012	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	5
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	5
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år.....	6
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år	6
3.2 Innfordringens effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012.....	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	7
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	7
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen.....	8
Skatteoppkrever ønsker fortsatt å ha hyppig oppfølging av restanselistene og å ha fokus på bruk av utleggstrekk.	8
Et tredje mulig tiltak for å bedre effektiviteten er å la det gå kortere tid fra avholdt utleggsforretning til begjæring om tvangssalg.	8
3.3 Særnamskompetanse.....	8
4. Arbeidsgiverkontroll.....	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	8
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	8
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	9
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak.....	9

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

1.1 Skatteoppkreverkantoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkantoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	0,7	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkantoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,2	28,5 %
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift	0,4	57 %
Arbeidsgiverkontroll		%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer	0,05	7,25 %
Skatteutvalg		%
Administrasjon	0,05	7,25 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkreverkantoret er en del av økonomikantoret i kommunen. Oppgavene knyttet til skatteoppkreverkantoret utføres av skatteoppkrever alene. Skatteoppkrever deler tiden mellom oppgavene som skatteoppkrever (70 %) og andre oppgaver ved økonomikantoret (30 %). Ved skatteoppkrevers fravær utfører økonomisjefen nødvendige oppgaver knyttet til skatteoppkreverkantoret, for eksempel utbetalinger.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

En stilling på 70 % anses tilstrekkelig til å ivareta oppgavene innen innfordring, skatteregnskap, informasjon til skatte- og avgiftspliktige og administrasjon. Når det gjelder arbeidsgiverkontrollen har det vist seg vanskelig å finne tilstrekkelig med tid til dette. Dette skyldes delvis arbeidets karakter, som er av en slik art at en bør ha muligheten til å jobbe uavbrutt med et ettersyn over en viss tid.

1.2 Internkontroll

I løpet av 2012 er det innført nye rutiner for intern kontroll. Disse er beskrevet i rutinebeskrivelsen. Rutinene omfatter blant annet:

- ukentlig avstemming av bankkonto med påfølgende kontroll av avstemmingen
- 2-måndlig oppfølging av bl.a. ubehandlede utbetalinger, uplasserte innbetalinger, restanser og saksbehandlingstid av lempningssøknader.
- Kvartalsvis kontroll av identifiserte innbetalinger, innbetalinger plassert som krav til annen aktør, utbetalinger til annen aktør, manuelt etablerte/annulerte krav.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Totalt innbetalt skatt i 2012 var kr 211 339 466, mot kr 192 898 678 i 2011. Dette er en økning på kr 18 440 788. Kr 8 818 447 av økningen skyldes økning i innbetalt forskuddsskatt fra personlig skattytere. Også innbetalt forskuddstrekk/inntektskorreksjon RAFT har økt fra 2011 til 2012.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Skatteinntekter fordelt til kommunen i 2012 var kr 56 843 418, mot kr 51 690 516 i 2011. Dette er en økning på kr 5 152 902. Økningen skyldes i hovedsak økning i forskuddsskatt person, som er på kr 2 398 053 og økt forskuddstrekk/inntektskorreksjon RAFT.

1.4 Skatteutvalg

Det er ikke sendt saker til skatteutvalget i 2012.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Samnanger kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere § 3-1.

Det er mottatt pålegg et fra regional kontrollenhet. Påleggene gjelder:

- Etablering av rutiner for intern kontroll
- Nedtegning av vurderinger i forbindelse med saksbehandling av lempingssøknader
- Gjennomføring av tilstrekkelig antall arbeidsgiverkontroller.

Årsregnskapet for 2012 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2011

Innestående margin for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2012	kr 3 293 390
--	--------------

For mye avsatt margin for inntektsåret 2011	kr 3 289 031
---	--------------

Marginprosent

Prosentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: ca 1995

2.2.2 Margin for inntektsåret 2012

Marginavsetning for inntektsåret 2012, pr. 31.12. 2012 kr 15 034 836

Gjeldende prosentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: ca 1995.

2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Det er avsatt kr 3 289 031 for mye i margin for inntektsåret 2011. Det var totalt avsatt kr 17 235 853 til margin i 2011. Avviket er ikke så stort at en anbefaler å endre marginprosenten.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

	2012	2011	Endring i restanse
	Restanse 31.12.12	Restanse 31.12.11	Reduksjon (-), økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	3 155 105	4 550 098	-1 394 993
Arbeidsgiveravgift inkl. avsavnsrenter	503 138	360 394	142 744
Artistskatt	-	-	-
Forsinkelsesrenter	169 385	364 899	-195 514
Forskuddsskatt	-	-	-
Forskuddsskatt person	441 055	97 243	343 812
Forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter	288 875	2 176 449	-1 887 574
Gebyr	-	-	-
Innfordringsinntekter	24 362	19 589	4 773
Inntekt av summarisk fellesoppgj�r	-	-	-
Kildeskatt	-	-	-
Restskatt inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakes�kingskrav	51 666	6 900	44 766
Restskatt person inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakes�kingskrav	1 676 624	1 524 624	152 000
Sum restanse diverse krav	4 257	1 591	
Diverse krav	4 257	1 591	
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	3 159 362	4 551 689	

Det var ingen berostilte restanser/krav i 2011 og 2012. I 2011 inneholdt tallene "Sum restanse p  skatteart" og "Forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter" kr 1 995 117, som er en feilf ring i forbindelse med at NAV skiftet organisasjonsnummer. Korrigerte tall blir som f lger:

	2012	2011	Endring i restanse
	Restanse 31.12.12	Restanse 31.12.11	Reduksjon (-), økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	3 155 105	2 554 981	600 124
Forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter	288 875	181 332	107 543
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	3 159 362	2 556 572	

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Kommentarer blir gitt med bakgrunn i korrigerte tall. Det har da vært en økning i restansene i løpet av 2012. Økningen skyldes i hovedsak:

- Arbeidsgiveravgift – flere arbeidsgivere som ikke betaler, selv etter utleggforretning/tvangsinnfordring. Arbeidsgiver med relativt store restanser gikk konkurs i 2012.
- Forskuddsskatt person – et fåtall skattytere som ikke har betalt utskrevet forskuddsskatt i 2012. Skatteoppkrever har dialog med disse.
- Forskuddstrekk - flere arbeidsgivere som ikke betaler, selv etter utleggforretning/tvangsinnfordring. Arbeidsgiver med relativt store restanser gikk konkurs i 2012.
- Restskatt person- økningen skyldes en kombinasjon av ubetalte restanser fra ligningen 2011 og ytterligere økning i restanser for tidligere år grunnet endring av ligningen. Utlignet skatt i Samnanger var kr 20 135 746 høyere i 2012 enn i 2011. Restskatten økte med kr 559 080 fra 2011.

Det har ikke vært avskrevet krav i 2012. Det er ettergitt kr 163. Dette ble gjort i forbindelse med nedsetting av pensjonspoeng.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2010	477 295	130 146
2009	525 352	447 432
2008	111 067	70 832
2007 – 19XX	488 992	-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

2010: Så godt som hele restansen, utenom restskatt person, skriver seg fra et selskap som gikk konkurs 2012. Restskatt person er fordelt på flere skattytere. De fleste av disse er under innkreving i form av utleggstrekk.

2009: Restansen for 2009 pr. 31.12.12 er større enn ved utgangen av 2011. Dette skyldes i hovedsak en økning i restskatt for 2009 grunnet endring av likningen for inntektsåret 2009. Restskatt person er fordelt mellom et fåtall skattytere. De fleste kravene er under innfordring med trekk i lønn.

2008: Flere av de mindre restansene vil sannsynligvis bli nedbetalt i løpet av året. Ett større krav er pr. d.d. ikke mulig å kreve inn.

Eldre år: I overkant av kr 200 000 er en restskatt fra 2001. Kravet forsøkes innfordret med et mindre utleggstrekk hos skattyter. Det er også et krav fra 1999, men dette er under innfordring og det gjenstår ca kr 20 000. Ett større krav er pr. d.d. ikke mulig å kreve inn.

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2012: 0

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2012: 0

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2012.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012

Skatteoppkreveren oppnådde resultatkravene med to unntak: arbeidsgiveravgift og forskuddstrekk. Her lå en henholdsvis 0,3 % og 0,1 % under kravene. Størsteparten av restansene av arbeidsgiveravgift og forskuddstrekk stammer fra et selskap.

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

I 2012 har skatteoppkrever:

- Innvilget 5 betalingsavtaler. Opprinnelig restanse var kr 106 856. Etter 8 uker var restansen 47 064. Blandet erfaring med betalingsavtaler i 2012. Mulig en kan kommunisere tydeligere viktigheten av å overholde betalingsavtalen og konsekvensene av å la være.
- Pålagt motregning i eksterne krav i 2 tilfeller. Har fått dekket deler av restansene.
- Registrert utleggstrekk knyttet til 21 skattytere. Det er også registrert 4 maskinelle utleggstrekk. Erfaringen med å bruke utleggstrekk er god. I de fleste tilfeller blir kravene etter hvert betalt.
- Avholdt 9 utleggsforretninger mot til sammen 7 skattytere. Opprinnelige krav var kr 1 434 164. Av dette er til sammen kr 528 360 betalt inn uten ytterligere tvangsinnfordring. Erfaringen er at utleggsforretning kan føre til raskere betaling av kravet, særlig når det gjelder nyere krav.
- Sendt to begjæringer om tvangsdekning til namsmann. 1 av begjæringene ble tilbakekalt, da utleggsobjektet ble solgt og oppgjøret overført skatteoppkrever. I tillegg er det sendt to varsel om tvangsdekning v/fullmakt. Erfaringene hittil er blandet. Pant i bankkonto med på følgende tvangsdekning m/fullmakt er effektivt, men beløpene på konto har vært relativt lave. Når det gjelder tvangssalg har skatteoppkrever ikke tilstrekkelig erfaring, men antar at dette er et effektivt innfordringstiltak.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Som omtalt tidligere var det konkurs i et selskap med relativt store restanser til skatteoppkreveren i Samnanger. Selskapet hadde små verdier på konkurstidspunktet. Konkursen har ført til at relativt store beløp for arbeidsgiveravgift og forskuddstrekk er blitt stående ubetalt.

Restansene for personlig skattytere er påvirket av flere endringssaker for tidligere år med til dels store økninger i restskatt.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Skatteoppkrever ønsker fortsatt å ha hyppig oppfølging av restanselistene og å ha fokus på bruk av utleggstrekk.

Raskere bruk av utleggsforretning overfor nye, store krav kan også bidra til bedre effektivitet i innfordringen.

Et tredje mulig tiltak for å bedre effektiviteten er å la det gå kortere tid fra avholdt utleggsforretning til begjæring om tvangssalg.

3.3 Særnamskompetanse

Kontoret har i løpet av 2012 tatt i bruk særnamskompetansen. Det antas at dette har ført til avholdelse av flere utleggsforretninger. Erfaringen så langt er at dette har en positiv effekt på innfordringen.

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Skatteoppkreveren i Samnanger har i 2012 ikke kjøpt tjenester fra andre eller deltatt i noen samarbeidsløsninger.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2012:

Som utgjør: 0 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2012:

Som utgjør: 0 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2011: 0

4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen

Intet å kommentere.

4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen

Planen var å gjennomføre 3 kontroller i løpet av 2012. Dette ble ikke gjort, da en ikke har prioritert dette på bekostning av andre løpende oppgaver ved økonomikontoret. Fra 01.10.12 har kontoret hatt en vakant stilling, noe som også har ført til at mer av skatteoppkrevers tid har gått med til daglig drift. Det ble meldt inn ønske om midler til kjøp av kontrolltjenester, men dette tiltaket ble ikke prioritert på budsjettet – verken for 2012 eller 2013.


4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Intet å kommentere.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Nye næringsdrivende i kommunen har fått tilsendt informasjon om hva som ventes av dem som arbeidsgiver.

Sted/dato:

Tysse 22/1-13 

Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2012 - signert av skatteoppkreveren.

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgte kriterier: Komm nr : '1242', År : '2012', Hovedbokstype : 'k'

	Valgt år	Forrige år
Likvider	15 158 008	15 379 693
Skyldig skattekreditorene	-121 364	-828 707
Skyldig andre	-1 804	-13 505
Innestående margin	-15 034 836	-14 537 478
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-22 792 252	-21 650 792
Personlige skatteyttere	-177 506 733	-162 192 972
Selskapsskatt	-10 828 417	-9 073 899
Renter	-216 761	14 447
Innfordring	4 697	4 538
Sum	-211 339 466	-192 898 678
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	22 792 252	21 650 792
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	45 651 319	45 119 663
Fordelt til Fylkeskommunen	12 374 056	10 972 022
Fordelt til kommunen	56 843 418	51 690 516
Fordelt til Staten	73 678 420	63 465 685
Krav som er ufordelt	0	-0
Sum	211 339 466	192 898 678
Sum totalt	0	0

18/11-13

L. M. M.

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



Kommunestyret i Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse



Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.



2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Samnanger kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 211 339 466 og uteståande restansar² på kr 3 159 362, av dette krav stilla på vent kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 18. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Samnanger kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattyatar 2010	3,86	96,74	93,80	90,61	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	22,08	99,49	99,80	98,76	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	8,74	100,00	99,40	100,00	99,22
Forskotstrekk 2011	41,01	99,84	99,90	99,54	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	8,76	100,00	99,80	100,00	99,89
Restskatt upersonlege skattyatar 2010	1,34	99,52	99,50	99,33	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultatet for skatteoppkrevjarkontoret per 31. desember 2012 viser følgjande³ :

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
56	3	0	0	0	3,6	4,3

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

³ Frå 2011 er rapporteringsordninga endra frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontrollsamarbeid, der det er aktuelt.



2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
0,7	0,7	0,5

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Stadlege kontrollar vart halden 7. og 14. mars 2012 samt 18. desember 2012.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

4. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, ynskjer skattekontoret å påpeike følgjande:

- Skatteoppkrevjaren har ikkje gjennomført stadlege arbeidsgjevarkontrollar i åra 2011 og 2012. Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingslova § 5-13 og tilhøyrande retningslinjer gjevne av Skattedirektoratet.



- Kontrollarbeidet inneber handtering av eit omfattande og kompleks regelverk. Arbeidet foreset såleis god kompetanse som vanskeleg kan tileignast og haldast ved like dersom kontrollarbeidet berre vert utført som ei deloppgåve. Naudsynt kompetanse vert best tileigna og halde ved like i eit kontrollmiljø. Samnanger kommune er per i dag den einaste kommunen i Hordaland som ikkje er tilslutta ei kontrollordning der kontrollarbeidet er spesialisert. Skatteoppkrevjar vart i 2012 pålagt å arbeide for ei meir framtidretta organisering av kontrolloppgåva for å sikre naudsynt kompetanse og profesjonalitet i gjennomføringa. Skatteoppkrevjar opplyser i sin årsrapport at kommunen ikkje har prioritert midlar til kjøp av kontrolltenester i budsjettet for 2013. Skattekontoret kan vanskeleg sjå korleis kommunen skal klare å oppnå minstekravet til kontrollaktivitet på 5 % av arbeidsgjevarane i kommunen med tilstrekkeleg kvalitet, utan at det vert sett av midlar til dette kontrollarbeidet.

5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gjeve pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 20. mars 2012 og i brev av 19. desember 2012.

Venleg helsing

Solvig Saar
for Arnljot von Mehren
avdelingsdirektor
Skatt vest

Jan Kåre Strøm
Jan Kåre Strøm
underdirektor

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Samnanger kommune
- Skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune
- Riksrevisjonen



Skatteetaten

Sakshandsamar
Jan Kåre Strøm

Dykkar dato

Vår dato
19.12.12

Telefon
90913076

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/159325

Skatteoppkrevjaren i Samnanger
Tyssevegen 217
5650 Tysse



Rapport nr. 2 frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune – Arbeidsgjevarkontrollen.

Vi viser til vårt kontrollbesøk 18. desember 2012 utført av Jan Kåre Strøm frå Skatt Vest. Til stades frå skatteoppkrevjarkontoret var skatteoppkrevjar Laila Midthun og økonomisjef Nina Erdal. Kontoret var varsla om kontrollbesøket i vår e-post av 30. november 2012. Det vart avhalde avslutningsmøte 18. desember 2011 der Laila Midthun og Jan Kåre Strøm deltok.

Vår kontroll bygger på *Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverkontorene*, fastsatt av Skattedirektoratet 29. november 2007. Instruksen gjeld skattekontora sin kontroll av skatteoppkrevjarkontora sine oppgåver knytt til føring av skatterekneskapen, innkrevjing og arbeidsgjevarkontrollen etter lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (Skattebetalingsloven).

Formål med instruksen er å sikre at det vert gjennomført kontrollaktivitet som avklarar om den faglege utføringa av oppgåvene ved skatteoppkrevjarkontoret følgjer lover, forskrifter, instruksar og regelverk elles. Instruksen skal og sikre at skatteoppkrevjarane vert gjevne pålegg der den faglege utføringa ikkje er tilfredsstillande, og at pålegg og tilrådingar vert følgde opp.

1 Omfang og formål med kontrollen

Kontrollen har omfatta området arbeidsgjevarkontroll. Skattekontoret har avgrensa kontrollen til å gjelde utvalte områder innafor dette området.

I 2011 og 2012 har det ikkje vore gjennomført kontrollar i Samnanger kommune og det var difor ikkje mogeleg å utføre stikkprøvekontroll. Rapporten inneheld informasjon / krav som må ivaretakast ved framtidige kontrollar.

2 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå kontorkontrollar

Det er ikkje gjevne pålegg eller tilrådingar ved kontorkontrollar på området i 2012.

3 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå tidligare kontrollar

3.1 Følgjande pålegg og tilrådingar gitt i rapport av 24.09.09 reknast som etterkomne:

- 4.2.1 – Anbefaling om verksemdplan og rutineskildding

Postadresse	Besøksadresse	Sentralbord
Skatt vest	Se www.skatteetaten.no	800 80 000
Njøsavegen 2	eller ring gratis 800 80 000	
6863 Leikanger	Org. nr.: 991733108	Telefaks
skattvest@skatteetaten.no	51 91 73 01	

- 4.2.4 – Anbefaling om kontormessig arbeidsgjevarkontroll
- 3.2 Følgjande pålegg og tilrådingar gjeve i rapport av 24.9.09 vert ikkje rekna som etterkomne eller kunne ikkje kvitterast ut som etterkomne:
- 4.2.2 – Anbefaling om rapportinnhald og dokumentasjon. Punktet er teke opp på nytt i denne rapport pkt. 4.2.4.2 og 4.2.4.1.
 - 4.2.3 – Anbefaling om eigenrettingar. Punktet er teke opp att i denne rapport pkt. 4.2.4.3
 - 4.2.5 – Anna (rapportering mv). Punktet er teke opp att i denne rapport pkt. 4.2.1

4 Pålegg og tilrådingar som følgje av denne stadlege kontrollen

4.1 Pålegg

Pålegg vert gjeve når kontrollen avdekkjer brot på lover, føresegner, instruksar og regelverk elles. Pålegga er enten krav om at eksisterande tilhøve skal rettast, eller om at kontoret sin praksis må endrast. Det vert forventa at skatteoppkrevjar rettar seg etter pålegga innan fristane som vert gjevne.

4.1.1 Organisering

Skatteoppkrevjaren har i oppgåve å kontrollere at arbeidsgjevarane utfører pliktene dei er pålagte etter ligningsloven, skattebetalingsloven og folketrygdloven på skatte- og avgiftsområdet, jf. skattebetalingsloven § 5-13. Skatteoppkreveren skal etter skatteoppkreverinstruksen § 2-1 nr 1 sjå til at ”kontoret til enhver tid har tilstrekkelig ressurser og kompetanse, og er organisert slik at oppgåvene som omfattes av denne instruksjonen kan utføres på en forsvarlig, hensiktsmessig og rasjonell måte”. Dette ansvaret omfattar òg å legge til rette for ressursar som raskt kan erstatte tap av ressursar i kortare eller lengre tidsrom.

Skattedirektoratet har dei siste åra sett krav til at skatteoppkrevjarane årleg gjennomfører kontroll av 5 % av kommunen sine arbeidsgjevarar. Eit tilsvarende tal må og påreknast for Samnanger i framtida, noko som inneber 3 kontrollar kvart år. Tidlegare erfaringar har vist at ein til dette treng omlag 0,2 årsverk. Der kontrolloppgåvene skal takast hand om av ein person som og har andre oppgåver, og difor jobbar avgrensa med kontrollar, vil trongen for ressursar være større.

Skatteoppkrevjaren i Samnanger disponerer for tida ei stilling (0,7 årsverk). Denne stillinga skal utføre alle skatteoppkrevjaroppgåvene innafor skatteregnskap, innkreving og arbeidsgjevarkontroll, samt utføre andre oppgåver for kommunen med den resterande stillingsdelen (0,3 årsverk). Dersom skatteoppkrevjaren skulle få eit lengre fråvær, eller det skulle kome andre uforutsette endringar, vil Samnanger stå heilt utan kontrollressursar. Dette er ein kompetanse som det normalt tek fleire år å bygge opp.

Regional kontrollleining pålegg skatteoppkrevjar å sette i verk tiltak for å førebygge stopp eller sterk redusert kontrollaktivitet. Dette kan gjerast gjennom samarbeid med andre skatteoppkrevjarar og/eller kontrollordningar. Det er ein føresetnad at det blir gjort avtale / samarbeid med ein ressurs som har kontrollkompetanse.

4.1.2 Kompetanse

Skatteoppkrevjaren skal etter skatteoppkreverinstruksjonen § 2-1 nr 1 sjå til at ”kontoret til enhver tid har tilstrekkelig ressurser og kompetanse...”.

Kommunen tilsette ny skatteoppkrevjar i 2011. Denne var tiltenkt utføre alle skatteoppkrevjaroppgåvene på ein stillingsdel på omlag 0,7 årsverk. Skatteoppkrevjar kom frå anna offentleg verksemd, men har lite kontrollerfaring.

Kontroll av arbeidsgjevarar krev handtering av eit omfattande og kompleks regelverk, og ei rekke eksterne og interne rutinar skal etterlevast. Kontrollarbeidet eignar seg difor ikkje som ei deloppgåve. Kontrollørane i kommunane skal i 2013 ta i bruk eit nytt kontrollstøttesystem (KOSS), noko som vil medføre eit betydeleg opplæringsbehov og vedlikehald av kompetanse framover. Det vil være utfordrande å tileigne og vedlikehalde nødvendige kompetanse og erfaring når ein som kontrollør kun sporadisk skal vere brukar av systemet.

Til samanlikning kan det opplysast at det av kommunene i Hordaland kun er Samnanger som pr desember 2012 ikkje er tilslutta ei kontrollordning der kontrollarbeidet er spesialisert.

Regional kontrollering pålegg skatteoppkrevjaren å arbeide for ein meir framtidsretta organisering av kontrolloppgåva for å sikre nødvendig kompetanse og profesjonalitet i gjennomføringa.

4.1.3 Resultat

Skatteoppkrevjaren skal etter skatteoppkreverinstruksen § 2-1 nr 1 sjå til at alle oppgåvene ved kontoret kan bli utførte.

Samnanger har dei to siste åra (2011 og 2012) ikkje gjennomført / slutført nokon kontroll av arbeidsgjevarar. Når kontrollaktiviteten varierer betydeleg frå kommune til kommune eller heilt uteblir, er dette eit alvorleg problem for arbeidet med å sikre at arbeidsgjevarar etterlever regelverket.

Regional kontrollering pålegg skatteoppkrevjaren å iverksette tiltak slik at dei årlege målkrava vert oppfylte. Kommuneleiinga må involverast i dette arbeidet.

4.2 Tilrådingar

Skattekontoret kan etter instruksen og gje tilrådingar om tilhøve ved skatteoppkrevjarkontoret som bør betrast. Ved vårt besøk kom det fram tilhøve som vi meiner bør betrast / takast omsyn til i det vidare arbeidet på kontrollområdet.

4.2.1 Planar og rapportering

Skatteoppkrevjar skal sjå til at arbeidsgjevar reknar, tek vare på, rapporterer inn og betaler inn skattetrekk og arbeidsgjevaravgift etter gjeldande regelverk på skatte- og avgiftsområdet. Stadleg kontroll bør utførast ved grunna mistanke om at arbeidsgjevar ikkje oppfyller sine plikter, jf. skatteoppkreverinstruksen § 5-4.

Målet for prosessen med å plukka ut arbeidsgjevarar er riktig val av kontrollobjekt, dvs. objekt som venteleg vil gje størst mogeleg avdekking / innkrevjing og preventiv verknad. I samarbeid med skattekontoret vert det årleg utarbeidd ein kontrollplan som inneheld strategi og oversikt over dei kriteria som vert lagt til grunn for val av kontrollobjekt (sjå SKO-nett, Skatt vest, arbeidsgiverkontrollen). Med utgangspunkt i kontrollplanen må skatteoppkrevjar plukke ut konkrete arbeidsgjevarar som denne vil kontrollere, og lage ein objektplan. Vi viser til Retningslinjer for gjennomføring av arbeidsgiverkontrollen pkt. 8.2. Objektplanen eller eit anna dokument bør

innehalde grunngjeving for kvifor objekta er valt ut for kontroll. Moment som risiko og vesentlegheit bør stå sentralt i denne vurderinga.

Skatt vest sender skatteoppkrevjarane ei oversikt over registrerte (lister tatt ut av MVA-system) planlagde og gjennomførte kontrollar gjennom året. Rapportane vert sendt ut pr brev til skatteoppkrevjar tidvis: 5/4, 5/8 og 5/12. Viss det i perioden er annullerte kontrollar vert dette å opplyse i uttaksskjemaet ved å skrive inn overskrift: "Annullerte kontrollar". Det vert vist til samarbeidsrutina mellom skatt vest og skatteoppkrevjarane på SKO-nett og forklaring i uttaksskjema.

Vi tilrår skatteoppkrevjarkontoret å følgje rutinane for utarbeiding av planer og rapportering.

4.2.2 Rutinar

Det følgjer av Instruks for skatteoppkrevere § 2-2 nr 2 at skatteoppkrevjar skal, som ein del av den interne kontrollen, utarbeide rutinar for verksemda. Rutineskildringa skal og gi god støtte for den som utfører kontrollen.

Under kontrollen vart gjeldande rutineskildring gjennomgått og denne inneheld relevante punkt med nærare forklaringar. Rutina bør supplerast med informasjon om;

1. Dei nye kontrollbegrepa bør innarbeidast. Vi viser til Skagerak-dokumentet på SKO-nettet.
2. Årsak / grunngjeving for kontrollutplukk bør dokumenterast.
3. Ordning av arbeidspapir var omtalt i rutinepunkt 7.4.4. Rutina bør presisere at og ting som er kontrollert og funne i orden (og som da ikkje inngår i rapporten) skal dokumenterast. Dette kan til dømes gjerast opp mot eit dokument (sjekkliste) som gir oversikt over alle kontrollhandlingar som er gjennomførte mot ein arbeidsgjevar.

Regional kontrolleining rår skatteoppkrevjaren til å supplere eiga rutineskildring.

4.2.3 Førebuing av kontrollar

Det følgjer av retningslinjer for gjennomføring av arbeidsgiverkontrollen punkt 8.3.4 og 8.3.5 at opplysningar innhenta på førehand og kontrolløren sine vurderingar dannar grunnlaget for ein førebels ettersynsplan. Før kontrolløren går ut på ettersynet må det være lagt ein plan for kva han skal starte med, kva for undersøkingar som skal gjerast, i kva for rekkefølge og etter kva for framdriftsplan. Kontrolløren bør blant anna ta stilling til kven han ønskjer å konferere med, kartlegging av verksemda og om kva som konkret skal kontrollerast.

Vi tilrår at det blir utarbeidd skjema / sjekkliste som blir nytta for den enkelte kontroll der det tydeleg går fram;

1. Kva som vart planlagt kontrollert,
2. Kva som vart kontrollert og funne i orden
3. Kva som vart kontrollert og ikkje funnet i orden

Skjema / sjekkliste bør lagrast i saka saman med øvrige arbeidspapir.

4.2.4 Gjennomføring av kontrollar

4.2.4.1 Dokumentasjon / arbeidspapir / arkivering

Alle notat, skriftleg korrespondanse, relevante kopiar av rekneskapsmaterialet mv skal takast vare på samla i tilknytning til det aktuelle bokettersynet. Arbeidspapira skal systematiserast på ein slik måte at det i ettertid vil vera enkelt å finne att relevante dokument knytt til dei aktuelle tema i bokettersynsrapporten. Vi viser til retningslinjene i kapittel 19 i Handbok i rapportskriving.

Av omsyn til mellom anna god internkontroll, jf. skatteoppkreverinstruksen § 2-2, må skatteoppkrevjarkontoret dokumentere kontrollhandlingane og merke / arkivere arbeidspapira slik at det går tydeleg fram både kva som har vore kontrollert og funne i orden og kva som har vore kontrollert og ikkje funne i orden. Tilhøve som vert teke opp i rapporten må ha tydelege visningar til arbeidspapira. Normalt vil det og vera nødvendig at sjekklista eller dokumentasjonen har påskrift / forklaringar som gjer internkontrollen rasjonell og enkel.

Regional kontrollleining rår skatteoppkrevjarkontoret til å handtere dokumentasjon mv som forklart over.

4.2.4.2 Rapportskriving

Etter gjennomført bokettersyn skal det utarbeidast ein skriftleg bokettersynsrapport. Det er viktig at ein i rapporten klarlegg dei faktiske høva som er relevante og at desse vert underbygd med nødvendig dokumentasjon. Det vert vist til skatteoppkreverinstruksens § 5-7 og punkt 8.5.1 i Retningslinjer for gjennomføring av arbeidsgiverkontrollen.

Rapportane bør byggast opp med lovgrunnlag, faktum og vurdering/konklusjon. Aktuell lovregel, helst følgt av ei nærmare forklaring av regelen, bør takast inn i rapporten. Fakta bør uttrykkast spesifikt til dømes ved "Ved kontrollen vart det påvist at selskap X ikkje hadde ..". Under konklusjonen vil det vere aktuelt å konstatere at arbeidsgjevar ikkje har halde seg til regelverket, samt slå fast kva for konsekvensar dette skal få (i form av eigenretting eller forslag om endringsvedtak). Vi viser for øvrig til rapportmalen som ein finn på SKO-nett.

Vi tilrår skatteoppkrevjarkontoret å nytte rapportmalen og for øvrig skrive og kvalitetssikre rapportane slik at desse er informative og presise for mottakar og andre brukarar.

4.2.4.3 Resultat av kontroll

Etter retningslinjene for arbeidsgjevarkontrollen vil ein kontroll med avdekking anten medføre at kontrollør pålegg arbeidsgjevar å eigenretta innan ein bestemt frist, eller i rapporten formulerer eit endringsforslag, som vert handsama vidare av arbeidsgiverkontrollgruppa i Skatt vest. Sistnemnte alternativ vert nytta når beløpa som er avdekka overstig dei såkalla "vesentlighetsgrensene". Det vert vist til nærmare informasjon på SKO-nettet. Då ein del avdekkingar ikkje vil overstige "vesentlighetsgrensene" er det viktig at eigenrettingsinstituttet og vert nytta. I motsett fall vil kontrollane ikkje oppnå naudsynt preventiv effekt hos arbeidsgjevarane.

Regional kontrollleining tilrår at skatteoppkrevjarkontoret nyttar begge reaksjonsformene, alt etter resultatet av den enkelte kontroll.

4.2.5 Etterarbeid

Til hjelp for mellom anna rapportering og internkontroll, jf. skatteoppkreverinstruksen § 2-2, kan skatteoppkrevjarane utarbeide ei oversikt over planlagde, pågåande og avslutta kontrollar. Ein slik oversikt kan f. eks. innehalde kontrollnummer (xx/20xx), kontrollør, org. nr, kontrolltype (formalkontroll, avdekkingskontroll, oppfølgingskontroll og undersøkingskontroll), årsak til utplukk, når den vart meldt inn, når eventuelt meldt ut att, når varsla, når førelagt arbeidsgjevar, når avslutta/sendt Skatt vest, resultat (avdekking?), når motteke i retur frå Skatt vest, endeleg resultat og informasjon om etterarbeid (eigenretting, tvangsmulkt, trekkansvar, nekte godskriving av trekk, anmeldelse, erstatning).

Vi tilrår at skatteoppkrevjarkontoret tek i bruk ein tilsvarende oversikt for kontrollane framover.

4.2.6 Kvalitetssikring

Rapporten skal være av ein slik kvalitet at den gjev rettleiing for arbeidsgjevar og i tillegg kan nyttast som dokumentasjon for andre instansar ved til dømes godskriving av trekk, fastsetting, etterforsking, straffeforfølgning, jf. skatteoppkreverinstruksen § 5-7 nr 2. Skatteoppkrevjaren skal syte for at kontoret har ein tilfredsstillande intern kontroll, jf. § 2-2.

Sett opp mot instruksens sitt kvalitetskrav og at rapportane kan ha framlegg som er særers inngripande mot arbeidsgjevar og tilsette, bør kvalitetssikringa og omfatte kontroll av dokumentasjon/arbeidspapir opp mot det som faktisk er teke med i rapporten. Dersom arbeidspapira vert organisert / merka, bør ein slik gjennomgang vera overkomeleg for alle sakene.

Regional kontrolleining rår skatteoppkrevjarkontoret til å gjennomfører ei slik kvalitetssikring.


4 Skatteoppkrevjarkontoret si tilbakemelding på rapporten

Dersom noko er uklart eller misforstått frå vår side, eller det er andre spørsmål til rapporten, kan De venda Dykk til underteikna.

Vi ber om skriftleg tilbakemelding på dei tiltaka skatteoppkrevjaren i Samnanger vil sette i verk vedkomande pålegg og tilrådingar som er gjevne i rapporten punkt 4. Vi ser fram til å få tilbakemelding innan 30. januar 2013. Vi ber om at den vert merka med saksnummer 2012/159325.

Vi takkar kontoret for god hjelp i samband med vårt kontrollbesøk og håpar at det gode samarbeidet held fram.

Med helsing



Jan Kåre Strøm

underdirektør

Regional kontrolleining

Skatt vest



Oddmund Midtbø

skatterevisor

Gjenpartar til:

Rådmannen i Samnanger kommune
Kontrollutvalet i Samnanger kommune
Skatt vest, Avdeling Innkreving v/ styringsgruppa



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 15. april 2013

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 14/13

14/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 12.02.13 og 06.03.13 – (Protokoll frå 06.03.13 vert og lagt fram under meldingar, og gjennomgått der.)
- Formannskapet 12.02.13 og 08.03.13.
- Utval for oppvekst og omsorg 06.02.13.
- Naturutvalet 11.02.13.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar